



DEN NORSKE KYRKJA
I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 27.05.21	
Sak nr. 22/21,23/21,24/21,25/21,26/21	Møtestad: Jondal Kyrkje, kyrkjerommet
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar Åse Marit Jørgensen
Sekretær Karin Anne Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S.Stærnes	Medlem Marit Hesvik
Geistleg representant Arne Opsahl Engen	1.Vara Maria Eide
Forfall til møtet: Maria Eide	

Utskrift sendes til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Orientering :

16.30-17.00

Kyrkjemusikalsk fokus :Kantor Anne Karin kjem på besøk og orienterer litt om sitt arbeid.

Anne Karin gjekk gjennom årsmelding for kyrkjemusikalsk verksemd for 2020 og Plan for kyrkjemusikk i Jondal Sokn. Sjå vedlegg.

Kyrkjemusikalsk plan var vedtatt i januar 2012. Den har ikkje vore revidert sidan det. Behov for revidering? Forslag frå Anne Karin å vidareføre Plan for kyrkjemusikalsk arbeid frå 2012

med rom for fleksibilitet. Planen er eit godt grunnlag for arbeidet. Det kan variere frå år til år kva som blir gjennomført.

Ankas minnefond. Det er soknerådet som disponerer det. Korleis blir det brukt? Korleis tilføre fondet pengar? Det kan vere gåver direkte til fondet eller offergåve på gudstenestene.

Meldingar:

- PC er ikkje kome. Undersøke om den ligg på kyrkjekontoret
- Diakoniplan er undervegs. Utkast ferdig til haustsemesteret.
- Postboks kommer på plass i løpet av uka
- Nytt om prestesituasjonen.

Det er ikkje søkjar til stillinga. Det er lagt ei plan med delte arbeidsoppgåver

Arne Opsahl Engen skal ha gudstenestene i Jondal, konfirmantane og andakter på Vikevollen. Han møter og i soknerådet.

Marna Roer skal ha alle gravferder, både i Jondal og Utne.

Prosten ordnar med vigsler viss behov for det.

Denne ordninga blir inntil vidare.

Nedanfor føl sakene som skal til handsaming i møtet.

Saker:

22/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

23/21 Godkjenning av protokoll frå møtet den 02.02.21

24/21 Ny offerliste sommar/haust

25/21 Plan for sommar aktivitetar

26/21 Eventuelt

Sak 22/21 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkalling til møtet den 27.05.2021 vart samrøystes godkjent.

Sak 23/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 28.04.21 vart samrøystes godkjent.

Sak 24/21 Ny offerliste for sommar/haust

Kort utgreiing om saka:

Forslag til diskusjon:

13/6: Folkemusikkmesse: Kyrkjemusikalsk arbeid , Jondal

17/6: Gudsteneste :Marita stiftelsen

27/6 : Kveldsgudsteneste: Kirkens Bymisjon

4/7: Gudsteneste i Herand Bedehus: Søndagsskolen, Bergen krets

11/7: Gudsteneste: Kirkens SOS

25/7: Gudsteneste: Misjonsprosjektet i Kamerun

26/8: Kyrkjespel: Kyrkjemusikalsk arbeid

29/8: Konfirmasjon: Kyrkjelydens barne/ungdomsarbeid.

No værande offerliste gjeld tom. 1.Pinsedag(23.05)

Det skal ikkje vere gudsteneste 17.juni. Offer til Mariastiftelsen går ut.

Slik blir offerlista fram til september:

13/6: Folkemusikkmesse: Kyrkjemusikalsk arbeid , Jondal

27/6 : Kveldsgudsteneste: Kirkens Bymisjon

4/7: Gudsteneste i Herand Bedehus: Søndagsskolen, Bergen krets

11/7: Gudsteneste: Kirkens SOS

25/7: Gudsteneste: Misjonsprosjektet i Kamerun

26/8: Kyrkjespel: Kyrkjemusikalsk arbeid

29/8: Konfirmasjon: Kyrkjelydens barne/ungdomsarbeid.

Sak 25/21 Plan for sommar aktivitetar som soknerådet deltek i.

Kort utgreiing om saka:

Noko er allereie fastlagd, både gudstenester, konsertar osv. Det ligg ute på heimesida. Det er vanleg i Jondal at ein har ope kyrkje om sommaren , (frå medio juni til medio august) og at soknerådet sine medlemmar tek ansvar for å opne og lukke kyrkja kvar morgon og kveld.

Sist sommar var kyrkja ikkje ope pga. korona situasjonen. Det er framleis uvisst om det lar seg gjennomføre denne sommaren. Det kjem nye retningsliner frå Staten 26/5, ifølgje Prosten. Det kjem nok ikkje klåre anbefalingar for sommaren før eit stykkje ut i juni.

Derfor må vi planleggje for at dei ulike aktivitetane går som planlagd og at vi må fordele arbeidsoppgåver oss imellom. Soknerådet har ansvar for å planleggje og leggje til rette for at det er folk på plass til dei ulike aktivitetane. Finne eventuelt frivillige vi kan be om å hjelpe oss og fordele kven som spør dei.

Det har vore vanleg at soknerådsmedlemmane tek ansvar ei veke kvar. Det betyr ikkje at ein sjølv må gjere oppgåva kvar dag, det er lov å spørje andre og gjere avtalar for kor ein finn nøkkel. (postkassa på kyrkjekontoret har vore brukt før.

Instruksjon kva ein skal gjere i samband med opne/lukka kyrkja sendes ut pr.mail til alle som skal gjere jobben ,innan medio juni.

Vara medlemmer blir kontakta før soknerådsmøte.

Forslag til fordeling av følgjande veker - opne/ lukka kyrkja. Kan bytte innbyrdes eller få andre til å gjere det.

Asta: veke 25

Ingebjørg: veke 26 (ferie v. 28,29,30,31)

Anne: veke 27 (ferie v. 29,30,31,32)

Karin: veke 28 (ferie: 24,30,31,32,33+29)

Marit: veke 29 (ferie v.30,31,32,33)

Åse Marit: veke 30 (ferie v. 25,26,27,28,31)

Cecilie: veke 31

Maria

Kristine

Anna.

Det vart på møte diskutert korleis open kyrkje kan organiserast denne sommaren. Det er utfordrande for soknerådsmedlemmane å ta ansvaret for dette 7 dagar i veka frå kl. 10-20. Ferie skal avviklast, ein er på arbeid og dei fleste av oss bur ikkje i Jondal. Korona og smittevern gjer det utfordrande. Dei fleste stadar er ikkje kyrkja open heile dagen kvar dag heile sommaren. Det er i år vanskeleg å gjennomføre open kyrkje slik det er blitt gjort i Jondal tidlegare år.

Forslag om å open kyrkje 2 dagar i veka, tysdagar og torsdagar. Soknerådet tar kontakt med kyrkjetenar Laila Bergsagel om ho kan tenkje seg å opne og låse dei dagane ho er på jobb. At kyrkja er open i arbeidstida. Soknerådet tek ansvar for dette i dei vekene Laila har ferie. Ein må ha fokus på smittevern. Laila er smittevernansvarleg. Det er ein fordel at ho er med på dette, då innan for sin arbeidstid.

Det må lagast retningsliner for open kyrkje.

Soknerådet kjøper nøkkelboks med kodelås. Det løyser utfordringa med nøkkel.

Forslag til Vedtak

Når vekene er settla, må kvar og ein sørgje for å ha stedfortreder om ein ikkje sjølv kan. Unntak er sjukdom, då må vi bli einige om kven som tek ansvar for å finne nokon.

Nytt forslag til vedtak:

Open kyrkje 2 dagar i veka denne sommaren, tysdag og torsdagar i aktuelle veker. Sende eit brev til kyrkjetenar Laila Bergsagel med spørsmål om ho kan tenkje seg å opne og låse kyrkja dei dagane ho er på arbeid. Kyrkja er open innan for hennar arbeidstid. Soknerådet tek ansvar for dei vekene Laila har ferie. Anne lager retningslinjer for open kyrkje. Soknerådet kjøper nøkkelboks med kodelås.

Vedtak:

Forslag til vedtak samrøystes vedtatt

Sak 26/21 Eventuelt

Fordeling av oppgåver til konfirmasjonen 26 og 29/8

Konfirmantfesten 26.august:

Arne har litt underhaldning.

Karin spør om leige av bedehuset.

Anne bestiller mat. Thai-gryte med tilbehør.

Cecilie og Marit ordnar med roser til konfirmantane.

Helsing til konfirmantane.

Lage til og rydding etter festen, pynting.

Bestille kaker.

Det må vere 2 kyrkjevertar på både Kyrkjespelet og konfirmantgudstenesta.

Fordeling av arbeidsoppgåver sak på soknerådsmøte i august.

Fordeling av oppgåver til avslutning for Solstråla (mest sannsynlig 2 uka i juni)

Avslutningsfesten for Solstråla blir tysdag 15.juni kl. 17.00

Solstrålar har ein liten konsert i kyrkja kl 17.

Arne Opsahl Engen blir med, han har eit innslag, ein liten «andakt».

Er det opphaldsvêr blir avslutningsfesten i Vikefjæra etter konserten, i kyrkja viss dårleg vær. Kl. 17.30 til 19.00. Planlegge for begge deler. For Solstrålar utan foreldre.

Fordeling av arbeidsoppgåver:

Anne lagar program.

Åse Marit – forslag til leikar, aktivitetar.

Anne- ansvar for grilling

Ingebjørg- handlar inn mat. Pølse, brød saft og evt is.

Lage sjokoladecake.

Sommer Avslutning Sokneråd og stab, forslag?

Sommaravslutning utsett til august. Neste soknerådsmøte blir 19.august kl. 17.30 hos Åse Marit. Korgfest kl.18.30 viss smittesituasjonen tillate det.